



Retningslinjer for bruk av Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre kommune:

TILSKOT AUKA BUSTADTILFANG

Saknr.	Utval	Vedtatt	Gjeld frå
052/26	Kommunestyret	18. juni 2026	18. juni 2026

Generelt:

I KS-sak 051/21 vart det vedteke å etablere ei tilskotsordning for å stimulere til bustadbygging (revidert versjon vedteken i KS-sak 011/22). **Målet med ordninga er å auke bustadtilfanget i kommunen for å fremme tilflytting.**

1 Grunnlag

Vedtektene for Kraft- og næringsfondet i Vestre Slidre legg grunnlaget for desse retningslinene som gjeld tilskot til næringsformål kommunen.

2 Avkastning og tilskotsmidlar

I § 1 i Vedtekter for bruk og forvaltning av kraftfond i Vestre Slidre Kommune framkjem kapital og avkastning som er tilgjengelege midlar og inntekter til kraftfondet. Frå 2025 vart Kraft- og næringsfondet slått saman. Tilgjengelege tilskotsmidlar fylgjer av budsjettvedtak for inneverande år. Årleg sum bør ikkje overstiga kr 500 000 med mindre særlege omstende talar for at summen vert auka. Fondskapital på kr 600 000 er urørleg.

3 Føremål

Tilskot frå Kraft og næringsfondet skal vera med å styrkja utvikling og omstilling i etablerte næringsverksemdar i kommunen og medverke til nyetablering og nyskaping.

Kraft- og næringsfondet skal først og fremst nyttast til å oppfylle måla i *Kommunedelplan for busetting og næringsutvikling*.

Tilskot frå Kraft- og næringsfondet kan gå til bustadbygging i Vestre Slidre. Tilskot til landbruk og anna næring er omfatta av tilskotsordninga for LANDBRUK og for NÆRING og er ikkje omfatta her.

4 Tiltak ein kan søke om

Tilskot til bygging av bustad eller leilegheitsbygg, eller omfattande restaurering av bustad:

- Det kan søkjast om tilskot på 5% av dokumentert utgift, oppad avgrensa til kr. 150.000/bueining for nyoppføring eller omfattande restaurering av svært utidsmessig eller ubebueleg bustad. For leilegheitsbygg er det oppad avgrensa til kr 500.000.
- Bruk av arkitekt MNAL eller tilsvarande utdanning for prosjektet kan utløyse kr. 20.000 i ekstra tilskot.
- Tilskot kan berre gjevast der kostnadane/bueining overstig kr. 1.500.000 Dette må dokumenterast ved kostnadsoverslag frå byggfagleg handverkar med ansvarsrett i kommunen. Søknad knytt til eksisterande hus må gjere greie for formål og kvifor tiltaka er naudsynlege for å kunne ta huset i bruk.

5 Søknad vert innvilga på følgande vilkår

Tilsegn om tilskot må vere gitt før oppstart.

- Økonomisk stønad gjeld bygg/tiltak på tomter som i dag lovleg kan bebyggast i samsvar med gjeldande planar.
- Det må dokumenterast tilkomst til grunn det blir søkt på, anten ved eigarskap eller avtale med grunneigar.
- Bygging/tiltak må vere sett i gang minimum åtte månader etter tilsegn.
- Alle tiltak det blir gjeve stønad til, må vera i samsvar med gjeldande reglar etter plan- og bygningslova og gjeldande forskrifter.
- Omsyn til klima og miljø, og tilrettelegging for ulike alders- og befolkningsgrupper vil bli vektlagt i vurderinga av søknaden.
- Tilskotet blir utbetalt når ferdigattest er gjeve/tiltaka er utført med framlegging av rekneskap.
- Tilbygg, anneks, samt oppattbygging etter skader, slik som brann, vass-skade, naturskade o.l. er ikkje omfatta av ordninga.
- Ordninga gjeld ikkje bygging av fritidsbustader.
- Dersom søkjar har gjeve uriktige opplysingar i søknaden om tilskot, kan kommunen krevje tilskotet attendebetalt.
- Administrasjonen vil i sin innstilling til formannskapet leggje vekt på ei totalvurdering av søknaden i lys av kriteria, kommunens overordna planverk, gjeldande bustadstrategi og prosjektets potensiale for å auke tilflytting. FS gjer vedtak i ordninga.

6 Innsending av søknad og søknadsfrist

Søknaden skal sendast på e-post til post@vestre-slidre.kommune.no og merkast «SØKNAD: AUKA BUSTADTILFANG».

Søknadsfrist er 1. mai og 1. oktober kvart år.

7 Ved lite midlar

Ved lite midlar stiller nye søkjarar før i køa enn dei som har fått frå ordninga tidlegare. Dersom det er att midlar på kommunen sitt Utviklingsfond, kan formannskapet vedtaka at midlar kan hentast der, utfrå ei konkret vurdering av saka.

8 Sakshandsaming

Administrasjonen førebur saka etter gjeldande retningslinjer. Formannskapet treff vedtak og kommunestyret er klageinstans.

9 Bagatellmessig støtte

Maksimalt offentlig tilskot til ei og same bedrift vert regulert etter EØS sine gjeldande reglar for bagatellmessig støtte (pr 01.06.2026 er dette EUR 300 000,- innanfor ei tidsramme på 3 år). Tilskot blir registrert i Støtteregisteret i samsvar med regelverket for dette, jf [Bagatellmessig støtte - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no).